

Rettleiande verdiar for optimal hausting 2010

Til å avgjera rett haustetid spelar både objektive og subjektive faktorar inn. Mykje kan målast, men minst like viktig er at ein observerer grunnfarge på frukta og smakar før ein haustar. Er ein i tvil løner det seg å plukka i botn av ei bømte/kasse for såleis å vurdera fargen betre enn om frukta heng på trea. Fruktene skal vera velutvikla og sjå fine ut.

Generelt kan ein sei at sukkerinnhaldet går opp når det nærmar seg mogning, fastheiten går ned og stiven vert nedbroten. Men temperatur, avlingsmengde, lys, vasstilgong, skjering, evt. sjukdomar og skader på fruktene vil også spela inn. Kjenneteikn på umogne frukter er: dei er for faste, har lågt sukkerinnhald og mykje stive, løsnar dårleg frå treet, har flat og smal begerhole, grønleg grunnfarge/ fruktkjøtt og dårleg smak. På svake grunnstammer t.d. Kvede og M9 vil fruktene modna 5-7 dagar før enn på sterke stammer/gamle tre.

Bama gjev ut tabellar med minstekrav til storleik (mm) for dei ulike kvalitetar, krav til dekkfarge, tørrstoff (%) og fastleik for kvar sort. Denne tabellen får du på fruktlageret/ på fruktlageret sine heimesider.

I tillegg vil Jod-testing/ stivemåling kunna sei meir om modningsstadium og korleis frukta eignar seg for lagring.

Haustetidsvurderingar tilseier at sortar aktuelle for hausting no og frametter skal ha følgjande verdiar:

				Hardanger (info)	Sogn (mal)
Sort	Fastheit	Refrakt.verdi	Stive	Streif-indeks	Streif-indeks
Discovery	7,0-8,0	10,8	6,0-8,0	0,09-0,16	0,09-0,16
Summerred	7,0-8,0	10,5	5,0-7,0	0,07-0,12	0,09-0,11
R.Gravenstein	6,5-7,5	10,8	5,0-7,0	0,07-0,13	0,08-0,16
Aroma/ R.Ar.	6,5-7,0	11,2	3,0-5,0		0,07-0,12
Clara Fris	5,0-6,0	ikkje sett	4,0-6,0	0,08-0,15	0,08-0,15
Moltke	6,0-7,0	ikkje sett	9-10,0		0,08-0,11
Philip	6,0-7,0	ikkje sett	7,5-9,0		0,08-0,12

Streif-indeksen er eit godt hjelpemiddel for å vurdera rett haustetid for mange sortar av eple og pære. I indeksen ligg bruk av refraktometer (suktermåling), penetrometer (fastheit) og jodtesting (stive). Ein nyttar fargeplansjar (sjå heftet frå NLR) for å bedømme sistnemde og også til å bestemma stiveverdiar for Streif-indeks. Formel for utrekning er som fylgjer:

$$\text{Streifindex} = \frac{\text{Fastleik (kg/cm}^2\text{)}}{\text{Refraktometerverdi (\%)*Stive (jodtestverdi 1-10)}}$$

Nokre Streif-verdiar frå Sogn henta frå "Haustetidsprosjektet" 1998-2000*

Sortar	Vurderingar 1983-85	Hjeltnes/Takle m.fl	Frå Haustetidsprosjektet
	av Olav Sørum	1986-95	1998-2000, Sørum m.fl
Keiserinne	0,05-0,09	-	-
Moltke	0,08-0,10	0,06-0,10	0,08-0,11
Amanlis	0,07-0,10	0,08-0,16	0,09-0,13
Clara Fris	0,08-0,15	0,14-0,22	-
Philip	0,08-0,12	0,09-0,16	0,07-0,16
Gråpære	0,07-0,14	-	-
Prins	-		0,1-0,2
Discovery	-		0,09-0,16
Gravenstein	0,08-0,16		0,08-0,13
Summerred	0,09-0,11		0,07-0,12
Åkerø	-		0,4-0,6
Aroma	0,09-0,16		0,07-0,12
K.Schneider	-		0,9-1,2

* Henta frå prosjektet "Optimalisering av fruktkvaliteten og kvalitetssikring i forbindelse med høsting og lagring av fruktartene eple, plomme og moreller; 1998-2000

Det er i stor grad denne tabellen som dannar mal for haustetidsvurderinga i Norge per i dag.

Til dei ulike sortane i rapporten er kommentert:

Keiserinne og **Gråpære**: Streif-indeksen er brukande, men stivetest + refraktometer er godt nok. Og smaking før hausting! Når det gjeld **Clara Frijs**, **Prins**, **Kronprins** og **Alice** kan veksetilhøve og tilgong på vatn gje store variasjonar når det gjeld stivetest og farge på snittflata. For dei tidlegaste sortane er det å smaka på frukta såleis like anvendeleg. For **Prins** bør Streif-indeksen vera under 0,25 ved hausting. For **Discovery**, **Summerred**, **Gravenstein** og **Aroma** bør streif-indeksen vera under 0,15, men ein må ta hensyn til sukker og stive. **Åkerø** bør under 0,6 om ikkje for stort nedfall. Hjå **Summerred**, **Gravenstein** og **Aroma** bør mellom 50-80% av snittflata vera fri for blåfarge ved jodtesting (tilsvarar verdiar 5-8 på klassifiseringa av stiveverdiar for sortane). **Aroma** og **Summerred** får ei lys "stjerne" omkring kjernehuset som spreier seg utover ettersom det nærmar seg modning. **Ingrid Marie** og **Karin Schneider** har blåsvart snittflate ved hausting, og Steif-indeksen har dermed lite føre seg. Sørum kommenterer i artikkel i perm (1986/87): **Quinte** og **Moltke** bør ikkje haustast før det meste av blåfargen er vekk. **Moltke** får ein gul flekk på baksida når hausting nærmar seg. Generelt ellers: Fastheit seier mest om kor langt pærene er komne i mogning, men om lite sukkerinnhald og stive å "gå på" kan dei henga litt til, og forhåpentlegvis få auka sukkerinnhald og auka vekt.